

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Vår ref.
17/03542-3

Dykkar ref.
17/3897

Dato
14.11.2017

Svar på høyring om endringar i opptaksforskrifta

Vi viser til høyringsbrev datert 14. august, med tillegg 2. oktober 2017. NMBU har følgjande kommentarar til forslaga:

Alderspoeng

NMBU finn ikkje god grunn til å endre reglane for alderspoeng. Endringa som er framsett vil etter vårt syn ikkje bli meir rettferdig enn ordninga vi har i dag. Dessutan vil ei endring føre til eit auka ressursbehov sidan ei større gruppe utan elektronisk vitnemål vil måtte kontrollerast manuelt for å sjå om søkjarane har krav på ekstrapoeng. Med tanke på at forvaltninga skal bli meir effektiv og kutte i ressursbruken, vil ei slik endring ikkje være å anbefale.

Opptak på grunnlag av fullført fagskuleutdanning

NMBU finn det greitt at norsk ikkje lenger skal være eit krav for å få generell studiekompetanse med grunnlag i to års fagskuleutdanning, men berre dersom fagskuleutdanninga blir undervist på norsk. For andre fagskuleprogram som blir undervist på andre språk, bør norskkravet framleis gjelde.

NMBU har ingen kommentarar til dei andre forslaga.


Med helsing

Mari Sundli Tveit
Rektor

Solve Sæbø
prorektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Vedlegg til høyringssvar; Søknad om tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønnet



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Vår ref.
17/03542-3

Dykkar ref.
17/3897


Dato
06.11.2017

Søknad om tilleggspoeng for det underrepresenterte kjønnet

Mannlege søkjarar til Veterinærstudiet og Dyrepleiestudiet fekk i perioden frå 2004 til 2016 to tilleggspoeng. I 2017 blei ordninga fjerna då det viste seg å stride imot Likestillings- og diskrimineringslova. Frå 1. januar 2018 trår ny Likestillings- og diskrimineringslov i kraft og denne opnar opp for lik særbehandling av kvinner og menn. Vi vil her klargjere kvifor NMBU ønsker å gjeninnføre tilleggspoeng for menn for opptak til studiet Veterinær og Dyrepleie.

Delen kvinnelege studentar på veterinærstudiet auka frå ca. 50% på 1980 talet til 90% på 1990 talet. Den same tendensen fanst på andre veterinærstudium i Europa. På grunn av dette, blei det søkt og gitt løyve til å innføre to tilleggspoeng for menn i 2004. Dei neste tre åra hadde veterinærstudiet 70 % kvinner for deretter å stabilisere seg på rundt 85% i gjennomsnitt dei følgjande åra. Hausten 2017, då det ikkje blei gitt tilleggspoeng for underrepresentert kjønn, var det 93% kvinner som starta på studiet. Det er nærliggjande å tru at denne auken i kvinnedelen, skuldast bortfall av tilleggspoenga. Når det gjeld Dyrepleiestudiet, har delen kvinner vore over 90 % sidan studiet blei starta. Dyrepleiestudiet har som sjukepleiarutdanninga alltid vore kvinnedominert og desse to yrka kan samanliknast.

Delen kvinnelege studentar på veterinærstudiet auka frå ca. 50% på 1980 talet til 90% på 1990 talet. Den skeive kjønnsbalansen i veterinærstudiet og endringa frå å vere eit mannsdominert studium til eit kvinnedominert studium kan skuldast fleire forhold. Tidlegare var rekrutteringsgrunnlaget for studiet i hovudsak menn frå landsbygda som dreiv landbruk. Dette har endra seg ved at det i dag er fleir kvinner i landbruket. Samstundes har utviklinga i smådyr- og hestemedisin medført at rekruttering frå by- og bynære strøk auka, og dermed også delen kvinner. Fleir kvinner enn menn tek høgare utdanning og kvinner får generelt høgare karakterar i vidaregåande skule. Med dei høge poenggrensene som Veterinær- og Dyrepleiestudia har, blir det naturleg fleire kvinner som får plass. Den same utviklinga har vore sett i resten av Europa.



Ein jamnare kjønnsbalanse er viktig for studiemiljøet. Læringsmiljøet blir betre med jamnare kjønnsbalanse, ikkje minst for dei gutane som faktisk startar på studiet. Vi har erfart at eit for kvinnedominert studium har ført til at gutar har slutta. Dette kan bli ein uheldig sirkel då det igjen kan føre til låg rekruttering av gutar.

Det same gjeld for yrkeslivet. Det er no 70% kvinner i veterinæryrket og delen er aukande. Det er viktig med mannlege rollemodellar i yrket for å auke rekrutteringa av menn.

I tillegg til at menn har fått tilleggspoeng har NMBU hatt fokus på gutar i dei vanlege rekrutteringstiltaka. Dette er deltaking på messar, skulebesøk, bruk av sosiale medium, filmar som viser variasjon i veterinæryrket, biletbuk på nettsider og brosjyrar der mannlege førebilete har blitt brukt. Vi har ikkje fått målbar eller nemneverdig effekt på rekruttering av menn av dei vanlege rekrutteringstiltaka, mens tilleggspoenga har gitt effekt.

Erfaring viser at ved å gi to tilleggspoeng for menn på veterinærstudiet vil ca. dobbelt så mange gutar få tilbod om studieplass og at kjønnsandelen endrar seg 5-10% med dette tiltaket.

I tillegg til innføring av tilleggspoeng vil NMBU løpande vurdere andre tiltak for auka rekruttering blant menn.

Med bakgrunn i den gode erfaringa vi har hatt med tilleggspoeng for menn fram til 2016 ønskjer vi at det igjen blir innført på Veterinær og Dyrepleie frå og med 2018 og i ein periode på 10 år.

Med helsing

Solve Sæbø
prorektor

Ole-Jørgen Torp
studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.